



I ein augneblink av nåde

Sigrid Undset-forelesningen 2020

TEKST Marit Eikemo

← Marit Eikemo holdt årets Sigrid Undset-forelesning på Lillehammer litteraturhus 22.november 2020.

Utruskap er kanskje blitt ein kvardagsleg sak for oss, både i livet og som evig tema for film, litteratur og tv-seriar. Likevel er Sigrid Undsets debutroman *Fru Marta Oulie* rystande med dei legendariske åpningsorda: *Jeg har vært min mann utro*. Boka kom i 1907 og handlar om kjærleikens kår i den nye tida, for det moderne, frigjorde mennesket. Tida som har gått sidan Undsets debut, har kanskje gjort oss meir robuste når deg gjeld utruskap, men som tema er det stadig like brennaktuelt i samtidslitteraturen. Kanskje fordi vi framleis står i det same? Kjærleikens kår har kanskje ikkje forandra seg nevneverdig sidan Undsets debut. Ikkje fordi menneskehjarta er det same gjennom alle tider, som det heiter, men fordi vi framleis, på sett og vis, er i den same tida. Vi lever med dei same dilemma og slit med den same tvilen som Marta Oulie, kanskje også med dei same lengslene og den same ensomhetsangsten, som Undset kallar det. Vi har framleis det same håpet for kjærleiken.

Det som Sigrid Undset så grundig og nådeløst ærleg utforska i sine samtidsromanar, opptar også meg som samtidsforfattar i dag, forholdet mellom dei ulike, skiftande tidene og det universelt menneskelege, mellom samfunnsutvikling og kvar enkelt, mellom ideal og røynd og mellom lidenskap og moral. I tida etter at *Fru Marta Oulie* kom ut, har folk jamt og trutt fristilt seg frå tradis-

jon og røter. Undset såg dette komme, og ho ønska å utfordre det. Ho ville stille modernitetens ideal om fridom og individualisme på prøve. Eg veit ikkje om eg vil det same, godt forankra som eg er i alt dette, men eg prøver så godt eg kan å forstå denne situasjonen. Korleis kan det ha seg, at vi framleis innretter oss etter dei same kjærleiksideala og fellesskapslengslene, når individualismen for lengst har festa grepet om det livet vi lever og alle vala vi tar?

For eit par år sidan tok ein kompis av meg kontakt. Han var djupt fortvila og hadde behov for å snakke. Hans andre sambuarskap var, etter ei turbulent tid, ugjenkalleleg over. Han som hadde satsa alt på dette! Han hadde tatt med seg sine to barn frå første ekteskap og flytta saman med den nye kjærasten og hennar to barn. Full av framtidstru og optimisme kjøpte dei hus med plass og rom til alle, og dei reiste på ferie saman. Heile gjengen drog til Syden for å skape gode opplevingar og felles minne. Dette var han spesielt opptatt av å vektlegge, at dei hadde reist til Syden! Kanskje fordi sydenferie i utgangspunktet står i såpass skarp kontrast til hans eigne drømmar - men kva gjer ein ikkje for det moderne familielivet? Dei hadde til og med kjøpt *all inclusive*, kunne han fortelje, for å vere heilt sikre på at turen skulle bli ein suksess.

Det er ingen som får det til, sa han oppgitt, og ramsa opp alle våre felles venner som har vore gjennom samlivsbrot dei siste åra, alle som går i terapi, og det som verre er.

Det er heilt umogleg få noko som helst til å vare i dette samfunnet, sånn som vi lever, jamra han vidare. Han slo oppgitt ut med armane og ropte det ut:

Hadde vi i det minste hatt ein gard!

Underforstått: Då hadde vi ikkje gitt opp så lett. Men alle kan ikkje drive gardsbruk i dette samfunnet, slik som vi har innretta oss. Og no har det seg slik at eg kjenner folk som driv gard også, og dei slit ikkje noko mindre i forholda sine. Mange kunne saktens hatt godt av å gi opp, gått kvar til sitt og gitt kvarandre ein ny sjanse i dette livet, men eg forstår poenget, og eigentleg er det ein variant av mitt eige hjartesuskk gjennom fleire romanar: Hadde vi i det minste hatt eit felles prosjekt!

Fru Marta Oulie er skriven som ei dagbok over drygt to år av Marta Oulie sitt liv, og handlinga spring fram og tilbake i tid. Otto er alvorleg sjuk av tuberkulose og innlagd på sanatorium. Ho angrar bittert på at ho har svikta mannen sin med å vere utru med familievennen Henrik. Utruskapen har resultert i barnet Åse, som Otto trur er hans eige barn. Sjølv om Otto aldri får vite om utruskapen, kjenner Marta ei uoppretteleg, gnagande skuld, og gjennom dagboka freistar ho å forstå sine eigne handlingar.

Det er ingen grunn til å tvile på at Marta elsker Otto, og likevel er ho utru. Det er såleis eit samansett bilde av kjærleik og seksualitet Sigrid Undset teiknar med denne romanen. Marta elsker Otto, og Otto elsker Marta og barna over alt, ein kjærleg familiemann. Han verken drikk eller har seg med andre kvinner, han viser også leikne sider, han er ingen keisam type, kvifor er ikkje dette nok for Marta?

Viss vi no ser bort frå eit reint moralske ved utruskap, at det er galt å ligge med andre bak kjærasten sin rygg: Det største problemet med utruskap – og det kan vere samansett grunnar til at folk er utru, er at den utru ofte blir defensiv i forholdet. Ho eller han står ikkje fram med seg sjølv, men flyt heller med utan å ta tak i det som eigentleg er problemet. Det er ei krevjande og energitappande øving å halde seg sjølv i sjakk med dårleg samvit og skuld etter utruskap. Kanskje gjer ein, medvite eller umedviten, bot til den ein har svikta også? Dersom Marta Oulie ikkje hadde vore utru, hadde ho kanskje heller brukt kreftene på å betre forholdet – alternativt gjere det slutt tidlegare. Men ho veit ikkje kva ho skal seie, eller kva ho skal gjere, ho er ulykkeleg på grensa til deprimert, og klarer ikkje anna enn å flyte med. Korleis kom dei dit? Det som starta så godt, som gjensidig og stormande forelsking som overvann alle forskjellar og sosiale ulikskapar mellom dei, ein brennande lidenskap, som Marta mange år seinare

“

Det er ingen grunn til å tvile på at Marta elsker Otto, og likevel er ho utru.

klarar å gjenskape i dagboka. Korleis kan noko som begynte så bra, bli så vondt?

Eg blir overraska når eg les om det første kysset til Marta og Otto. Etterpå er Otto ør av lykke når han seier: Tenk at du vil være kjærasten min! Og så er det liksom gjort? Skal dei ikkje snakke meir om det, tenker jo eg, men dette er typisk for den språkklause kjærleiken, L'amour sans phrase, som det heiter i romanen, kjærleiken som berre er, som ikkje treng ord. I dag skal alt vere sagt før første date, veldig ofte via diverse sjekkeappar. Likevel kunne eg nyleg lese i ei avis om ei kvinne som følte avsky då ho møtte daten sin fysiske første gong. Berre tanken på at det skulle komme til å ende med sex, fekk henne til å gyse! Så er det

kanskje L'amour sans phrase som framleis gjeld likevel? Eller det som vi gjerne kallar for *full klaff*, ein form for kjemisk reaksjon, som ingen riktig kan forklare rasjonelt, vi berre veit det når det skjer. Ord er overflødige, kjemi er alt, dei to forstår kvarandre intuitivt. Og sånn kan ein ha det ei stund.

Problemet er at snart kjem røynda og kiler seg ufråvikeleg inn i den språkklause einskapen. Dei to er likevel ikkje eitt. Snart kjem trongen til å hevde seg sjølv, snart kjem klaustrofobien, og kjensla av å miste fridomen, snart kjem irritasjonen og klaginga over å ikkje bli forstått. Han som ein gong gjorde Marta Oulie øm og ør av lykke, klarer ikkje lenger å gjere henne glad. Og

“

Korleis vi innrettar oss i heimane våre har vore eit litterært fruktbart motiv for meg i fleire bøker, kva vil det seie å høyre til? Kva er ein heim?

Marta Oulie klarer ikkje å sette ord på kva som gjer henne ulykkeleg. Ho grin og oppføre seg meldodramatisk, noko som ikkje er så rart med tanke på at ho aldri hatt tillit til orda i forholdet sitt til Otto. Orda var overflødige då dei møtte kvarandre - og då kan ikkje orda hjelpe henne når det røyner på heller. Andre har påpeikt at det kanskje kunne gått betre med dei viss Marta hadde fortalt Otto alt det som ho skriv i dagboka, men det gjer ho ikkje. Ironisk nok er det gjennom dagbokskrivinga, gjennom å sette ord på det som har skjedd, at ho forstår kor høgt ho elsker Otto.

Kompisen min, han som ønskte seg eit gardsbruk og reiste på sydentur for å samle den nye familien, er ikkje åleine om å sette si lit til all inclusive-ferier. Kva kan gå gale når alt er inkludert? For nokre år sidan skreiv eg romanen *Alt inkludert* for å finne svar på dette. Tittelen gir kanskje først og fremst assosiasjonar til dei nevnte sydenturane, men omgrepet kjem frå latin: Includere, som betyr å lukke inne. Og Kanskje er det nettopp på all inclusive-ferien at folk forstår rekkevidda av å vere innelukka med kvarandre? Når kvelden kjem, alle har fått alt i løpet av ein lang dag, ungane har endeleg sovna, mor og far sit på verandaen med kvart sitt glas og stirer ut i det nattsvarte mørket:

And you may find yourself in a beautiful house, with a beautiful wife

And you may ask yourself, What is that beautiful house?

And you might ask yourself, Where does that highway go to?

And you may ask yourself Am i right? Am I wrong?

And you may say to yourself, My God! What have I done?

Talking Heads Once in a Lifetime

Kva er det vakre huset? Spørsmålet er eksistensielt og høgst relevant, ikkje minst for alle som set si lit til bustaden, som veldig mange av oss gjer. I eit samfunn der det er vanskeleg å få auga på andre store, fellesprosjekt, er det vanleg å sette alle ressursar og kanalisere alle draumar inn i bustaden. Korleis vi innrettar oss i heimane våre har vore eit litterært fruktbart motiv for meg i fleire bøker, kva vil det seie å høyre til? Kva er ein heim? Med huset og møbla og nabolaget viser vi kven vi er - eller vi skjuler kven vi er. I min roman-debut, *Mellom oss sagt*, som kom nesten nøyaktig hundre år etter Sigrid Undsets debutroman, går hovudpersonen rundt i gatene i Bergen etter studietida. Dei gamle fellesskapa går i oppløysing, og hovudpersonen strever med å etablere nye. Ein av hobbyane hennar er å gå på husvisningar, og dette var før stylistane gjorde sitt inntog i bustadsannonse og alle plutsleg framstod med heilt identiske heimar, med dei same møblene, dei same pledda og putene nøye regissert på

sofaen, dei same kvastane stikk opp frå dei same vasane, og dei same digre skålene med lime er plassert på desinfiserte kjøkkenbenker. Før dette, var det muleg å sjå spor av levd liv på visningane, og det er dette som interesserer min hovudperson. Når ho går inn i andre sine rom, kan ho kjenne ei form for fellesskap med dei som har budd der, ein form for fellesskap ho elles ikkje har i livet sitt.

I romanen *Gratis og uforpliktande verdigrader* skriv eg om lengsla etter drømmehuset. Alt skal falle på plass for hovudpersonen berre ho får dette huset i Lerkeveien. Ho skal begynne å jogge, og ho skal bli ei sånn mor som spring etter barna med sykkelhjelm. Folk skal stikke innom på besøk og dei skal alltid ha gode ostar og vin å by folk. Ikkje minst er dette huset og denne familien Hanne og Andreas sitt fellesprosjekt. Ironien er at Hanne er villig til å gå veldig langt i sitt sololøp for å realisere dette fellesprosjektet.

Også i *Fru Marta Oulie* er heimen eit sentralt motiv. Ikkje så mye for Marta som for Otto. Han er i overkant opptatt av interiør, og det er han som har ansvaret for innreiinga. Han framstår kanskje litt krampaktig med dette interiøret sitt, mens Marta verkar uinteressert. Ho trivst ikkje, fell ikkje til ro i heimane som han skaper for dei. Til gjengjeld er det nokre fabelaktig flotte skildringar

av dei to før dei fekk sin første heim. Den første forelska tida bur dei åleine i skogen i ei hytte, som altså er ein ikkje-heim, ein stad utanfor sosiale normer, i skogen, overgitt til naturen og begjæret. Her er dei sosiale forskjellane mellom dei viska ut, her er dei eitt med kvarandre.

Det er først seinare, når dei får barn og eigen heim, at Marta ikkje lenger kjenner seg sett og forstått av mannen sin. Marta vil berre bli beundra og begjært, mens Otto set si ære i å skape ein vakker heim for dei, kanskje som uttrykk for hans lengsel etter å leve eit borgarleg liv, men først og fremst vil han gjere godt for Marta, skape ein heim der dei kan høyre til. Etter eit besøk heime hos familievennen Henrik, som Marta seinare er utru med, uttrykker Otto ei nesten truskuldig misunning. Han syns Henrik har ein meir elegant stil enn dei. Det er ein forskjell der, som Otto registrerer, men kanskje ikkje heilt klarer å sette fingeren på. Eg syns eg drar kjensel på dette, som vår tids middelklassestrev, vår tids styla bustadsannonser der alle prøver å framstå som noko dei ikkje er. Men ingen kan møblere seg oppover i det sosiale systemet. Når lågare klas-sar pustar borgarskapet i nakken, snur borgarskapet seg ein annan veg, dei er ikkje lenger interessert i møblering, dei er interessert i noko anna. Det hjelper ikkje same kva Otto gjer, han forstår henne ikkje slik som Henrik forstår henne. Og Ottos strev mot borgarska-pet framstår som nettopp det: eit strev. Marta seier det rett ut: Otto vil berre ha ein borgarleg heim. Men Marta er frå borgarskapet, ho har ingen slike lengsler.

Ho lengtar tilbake til hytta, til det språkklause begjæret. Heimen deira blir aldri eit felles prosjekt.

Marta Oulies kjærleikslengsel minner meg om noko som blei sagt om Amy Winehouse i ein dokumentar, som eg har tenkt på som ei ekstrem form for destruktiv romantikk, som kanskje er noko av forklaringa på kvifor det gjekk så grundig gale med Amy Winehouse som det gjorde. Det blei sagt at ho alltid ville vere i det same som kjærasten. Viss han var høg, måtte ho også vere høg, og viss han skar seg på eit glasbrot, så gjorde ho det same. Ho skar seg med eit glasbrot til blodet spruta. Ho ville vere i den same smerta, ho ville alltid kjenne det same som han. Stakkars Amy Winehouse. Det går jo ikkje. Vi kan aldri føle den andre si smerte, vi kan aldri bli eitt med den andre, og kanskje er det denne innsikta Marta Oulie også får, men vel in litt anna strategi for seg sjølv?

Marta avskyr Otto si forvandling frå viril elsker til familiemann. Einskapen mellom dei oppløyer seg, og dei skilir frå kvarandre. Otto går heilt og fullt opp i familien sin og degger med barna seint og tidleg. Marta blir fråstøytt av denne degginga, denne *feminiseringa* av mannen som ho gav seg så ordlaust hen til. Men Otto er ein fin fyr, Marta veit dette. Når ho vel dagbokforma for å forstå kvifor ho har vore utru mot ein så bra mann, vel ho ei form som ikkje innbyr til dialog. Det minner om Nina Lykkes langt meir sarkastiske hovudperson i *Full spredning*: Fastlegen Elin vil også forstå kvifor ho har vore utru.

“
Her er dei sosiale forskjellane mellom dei viska ut, her er dei eitt med kvarandre.

Ho skriv ikkje dagbok, men snakkar til skjelettet sitt på legekantoret. Også Elin er nådelaus mot seg sjølv, men i denne romanen har vi kanskje ikkje like vanskeleg for å forstå utruskapen. Den treningsnarkomane mannen som ho har regelmessig, men ikkje særleg ofte eller lidenskapeleg sex med, framstår som påfallande keisam. Han sovnar i stolen framfor tv-en kvar kveld når han ikkje trener eller er i smørebua. Det finst ikkje ei einaste sensuell skildring av mannen i Nina Lykkes roman, veldig langt frå Marta Oulies heftige skildringar av den første tida med Otto. Likevel hørte eg på eit litterært arrangement, til mi store overrasking, Nina Lykke forsvare dette ekteskapet. Dei lever ikkje noko dårleg liv, sa ho, og kanskje er dette noko av det mest radikale ein kan seie om kjærleiken i dag? Keisamt, forutsigbart og tomt, men likevel godt? Då eg las Nina Lykke, las eg samtidig Wencke Mühleisens *Redd deg selv lille hjerte*, som også handlar om utruskap, men her er det hovudpersonen Erika som blir svikta av mannen. Ho skildrar ein sterk lengsel etter mannen sin kropp etter at han har avelska henne, som ho seier, og blitt saman med ei yngre kvinne. Det er ingenting som tyder på at mannen til Erika er i nærleiken av å vere like topptrent som mannen hos Nina Lykke, tvert imot, men Erika elsker og lengtar at mannen sin tilårskomne kropp, og det slo meg at Marta Oulie i sin seksuelle

lengsel, har meir til felles med Erika enn Elin. Marta har vore utro mot mannen sin og Erika sin mann har vore utro mot henne, men begge er kanskje offer for det same romantiske ideal?

Gjennom forholdet med Henrik forstår Marta kvifor ho er ulykkeleg med Otto. Otto forstår henne ikkje, dei har ingenting å prate om, han ser henne ikkje. Gjennom forholdet med Henrik forstår ho at det er sånn det heng saman. Henrik og Marta kjem begge frå borgarskapet, dei har den same kulturelle danninga, han kjenner henne og forstår henne. Men Marta etsar opp av utruskapen, og ho er ikkje nådig mot seg sjølv når ho borer i årsakene til at det blei som det blei, og seint i romanen, i ein augneblink av nåde, forstår ho at heller ikkje ho har forstått: «All den tid jeg trodde Otto ikke forstod meg, har jeg heller ikke forstått han». Dette får henne til å tenke nytt om mange ting i forholdet til Otto, ikkje minst får ho ei avgjerande innsikt: Ho elsker ikkje Henrik! Det hjelper ikkje at dei to er like, at han forstår henne, ho elsker han likevel ikkje. Ho elsker Otto, men han har ho svikta. Dette er eit ope sår, som verken Henrik eller språket kan hjelpe henne med: «Jeg er trett av mine egne unyttige ord, som jeg prøver å stille min egen blødende smerte med», seier Marta, og tenker på den vesle jenta som fekk handa si maltraktert då ho blei overkøyrd av ei ølvogn. Mens dei

vaksne bandasjerte for å stoppe blodet, ville jenta heile tida rive kledda til side, mens ho skreik at ho ville sjå, ho ville sjå korleis handa hennar såg ut!

Det er ei skakande sluttscene. Marta innser at Otto er utan ansvar for hennar handlingar, det lar seg ikkje bortforklare eller dekke til. Hadde ho i det minste elska Henrik, mannen ho var utru med! Då eg skreiv *Gratis og uforpliktande verddivurdering*, var eg sterkt inspirert av Henrik Ibsens *Et dukkehjem*. Eg syntes ikkje stykket var så relevant lenger, og lurte på kva det kom av. Det er framleis skakande at Nora faktisk går frå barna sine, men det går ikkje an å forstå Torvald, at det skulle vere så ille med dei forfalska underskriftene? Det er eit ubrukeleg motiv for vår tid, og fekk meg til å tenke på kva som ville vore skakande for oss i dag? Kva er det verste du kan gjere bak ryggen på kjærasten din – med gode hensikter, kanskje til og med for eit felles prosjekt? Mange er sjokkert over det Hanne gjer mot Andreas. Til Hanne sitt forsvar vil eg seie at Andreas har tatt for lett på det som er det største for Hanne: Å få barn. Dette er Andreas sitt brotsverk mot Hanne, og som utløyser dei handlingane ho gjer mot han. For Hanne, endå kor middelklassestrevande og irriterande ho måtte framstå i jakta på draumehuset håper også ho på det vidunderlege, Som Nora og Marta Oulie gjer, som Amy Winehouse gjorde, og

som veldig mange av oss gjer – med dei ulike uttrykka det får i dei liva vi lev.

Marta Oulie tar ikkje lett på sitt eige svik. Etter at Otto er død, avviser ho Henrik sitt frieri, sjølv om det ville vore ei enkel løysing for henne og barna. Ho er ikkje typen til å legge fortida bak seg og gå vidare. Fortida lever med henne, den pustar på henne, som ho seier. Ekteskap med Henrik vil blitt eit framhald av utruskapen, eit forsøk på å dekke over fortidas svik, men fortida lar seg ikkje dekke til. Den vil komme til å leve mellom dei, som ein skugge, og den vil komme til å skape ny ulykke. Marta vil be Henrik om orsaking for alt, men kva skal det vere godt for, seier Henrik, djupt ulykkeleg over å miste Marta, men samtidig er han ein mann som forstår realitetane og kjærleikens grunnvilkår: At jeg elsker deg, og du ikke kan få deg til å elske meg, det kan du jo ikke noe for. ■